



Retningslinjer for tilrettelegging av ilandsstigningsplassar langs Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden

Retningslinjer vedtatt av Nærøyfjorden verneområdestyre 22.02.2024

Faste bålplassar er i utgangspunktet ikkje lov etter verneforskrifta. Dersom grunneigarar ynskjer å etablere ein fast bål plass, til dømes til bruk for turoperatørar som dei har avtale med, må dette søkast om. Verneområdestyret må vurdere om dei kan gje dispensasjon etter naturmangfaldslova § 48. Tiltaket skal ikkje vera i strid med verneføremålet, og ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane.

For å oppfylle vilkåra i § 48 er det ein føresetnad at bålplassen det blir søkt om er enkel og nøktern. Eit eksempel kan vere ein lite bålring av stein med enkle trebenkar rundt. Dersom det er behov kan det søkast om å feste installasjonane i bakken, slik at dei blir ståande trygt. Det må vurderast om beste miljømessig metode og plassering er valt (jf nml. § 12).

For mange bålplassar kan bli eit like stort problem som den villcampinga vi opplever i dag. Behovet for kvar enkelt bål plass må derfor vurderast opp mot den samla belastninga bålplassar vil ha på landskap og verneverdiar (jf. nml § 10). Det må vurderast om det er god nok kunnskap om området der bålplassen er planlagt (jf. nml. § 8). Der det er skjøtselsplan, må denne vere med i vurderinga. Dersom kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt skal føre-var prinsippet vektleggast (jf. nml § 9).

I dei tilfella der vilkåra for dispensasjon er oppfylt, kan det bli gitt føringar på bålplassar sine utsjånad, storleik og plassering. Moment som vil bli vurdert i handsaming av søknad om ein bål plass er mellom anna:

- om det er ein naturleg plass å gå i land å raste
- om bålplassen bidreg til å styre og konsentrere ferdselen
- om bålplassen avlastar og ikkje fører til auka slitasje på verdifull slåttemark og seminaturleg eng
- om det er tilgang til toalett
- kor dominerande bålplassen blir i kulturlandskapet
- om bålplassen og bruken av den truar biologisk mangfald og viktige naturverdiar

Dei som eventuelt får løyve til bål plass, har ansvar for at området blir haldt ryddig og fint, og at bålplassen ikkje eser ut. Det kan vere aktuelt å gje løyve for ein tidsavgrensa periode.

Søknad om tilrettelegging av ilandstigningsplassar skal innehalde:

- Skildring av behovet for bålplassen/tiltaket
- Kartfesta plassering av bålplassen/tiltaket
- Grunngeving for ønska plassering
- Informasjon om omfanget av tilrettelegginga, med mål på installasjonar.
- Informasjon om korleis installasjonar skal plasserast og eventuelt festast i terrenget.
- Informasjon om kva materiale som er tenkt brukt